



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Informasjonsskriv for praksiskandidatar

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
			Bjørnar Loe 71 28 03 06	15.01.2021

Oppmelding til fag-/sveineprøve som praksiskandidat etter § 3-5 i Opplæringslova

Før praksiskandidatar melder seg opp til fag- eller sveineprøve, skal dei ha bestått ein eigen eksamen etter nærare føresegner frå Utdanningsdirektoratet. Eksamen skal prøve i kva grad den einkilde praksiskandidat har nådd kompetansemåla som er fastsette i den læreplana for opplæring i bedrift som kandidaten tek sikte på å ta fag- eller sveineprøve i. Jfr. Forskrift til Opplæringslova sin § 3-55.

Eksamensoppgåver blir utarbeidd sentralt. Eksamen kan haldast inntil 2. gonger i året og tidspunkt for eksamen blir fastsett sentralt. Frigitte eksamensoppgåver finn du på:

www.utdanningsdirektoratet.no

Teorieksamen vert arrangert av vidaregåande skolar i fylket. Frist for oppmelding til teorieksamen blir kunngjort i dagspressa. Oppmeldinga skal skje på privatist.inschool.visma.no

Ta kontakt med kompetanse- og næringsavdelinga, tlf 712 80 000 for nærare informasjon.

Etter at tverrfagleg eksamen er bestått, kan praksiskandidatar melde seg opp til praktisk prøve når 60 månaders allsidig praksis (som gjeld for dei fleste fag) kan dokumenterast. Det er yrkesopplæringsnemnda v/kompetanse- og næringsavdelinga i Møre og Romsdal som skal godkjenne om praksiskandidaten har allsidig og lang nok praksis i høve læreplana i det aktuelle faget.

Etter kompetansereforma har alle over 25 år som ikkje har gjennomført vidaregåande opplæring tidlegare, rett til slik opplæring finansiert av det offentlege fram til fag-/sveineprøve eller studiekompetanse. For å få ei vurdering av rett, kan ein ta kontakt med næraste vidaregåande skole eller ressurscenter.

For oppmelding til første gongs praktisk del av fag-/sveineprøva er avgifta for tida **kr 1011,-**. For andre gongs og påfølgjande prøver **kr 2027,-**. **Innbetaling til kto.nr 4212 07 70300.**

For kvar gong ein skal opp til prøva må det sendast inn ny oppmelding.

Kvittering for innbetalt gebyr, må leggjast ved oppmeldinga til den praktiske delen av fag-/sveineprøva.

Oppmelding med vedlegg sendast **til Møre og Romsdal fylkeskommune, Pb. 2500, 6404 Molde.**

Erik Brekken
kompetanse- og næringsdirektør
sign.

Bjørnar Loe
seksjonsleiar
sign.